



# 17. mai 2019 i Leikanger

kl 08.00 Leikanger musikklag spelar på fjorden

**I år kan du bli med på båten å ete deilig frukost! Sjå meir info på slutten av programmet.**

kl 10.00 **Kransnedlegging ved kyrkja ved ordførar Jon Håkon Odd**

kl 10.15 **Festgudsteneste ved prestevikar Bjørn S. Søsnes**

Speidarar og konfirmantar tek del.

Takkoffer til Systrond 1 speidargruppe.

kl 11.15 **Barne- og folketog**

Oppstilling på sjøsida av Tinghuset.

Toget går via Leikanger sjukeheim til Saften.

kl 11.50 **Markering av dagen ved sjukeheimen**

Helsing ved ordførar Jon Håkon Odd.

Musikkinnslag ute.

Systrond damekor syng på sjukeheimen etter markeringa.

kl 12.10 **Barne- og folketoget held fram**

Frå sjukeheimen til Saften.

kl 12.45 **17. mai-fest for heile bygda i Saften**

Leikanger musikklag og Leikanger skulemusikk spelar.

Musikalske og kulturelle innslag.

Tale for dagen ved Jon Håkon Odd.

Leikar, konkurransar og loddsal.

Sal av kaker, kaffi, is, brus, pølser og lapskaus.

kl 15.00 **Festen sluttar**

## Vel heim!

Parkering på nedsida av ungdomsskolen under gudstenesta.

Alle lag og organisasjonar vert oppmoda om å stille med fane/flagg i toget.

Vi vonar flest mogleg tek turen oppom sjukeheimen

og bidreg til feststemning der!


Kiosksalet i Saften startar kl 12.00.

Parkering ved Saften for funksjonshemma og eldre.

Parkering for alle andre ved Prix, NAV, Fylkeshuset,

Statens vegvesen og Statens Hus.

*Arr: 8. klasse Leikanger ungdomsskule  
med foreldre og Leikanger kommune.*



**Ta med programmet til 17. mai-feiringa.**

Ønskjer du å bli med på frukostcruise å høyre Leikanger musikklag spele på fjorden?

Servert av frukost med mellom anna spekemat, røykelaks, eggerøre, potetsalat og rømmegraut Kr 290 / person

Møt opp på Leikanger kai klokka 07.30.

Bindende påmelding gjøres til: [stig@fjordcruise.no](mailto:stig@fjordcruise.no), SMS: 907 61 912

# *Ja, vi elsker dette landet*

Ja, vi elsker dette landet  
som det stiger frem,  
furet værbitt over vannet,  
med de tusen hjem—  
elsker, elsker det og tenker  
på vår far og mor  
og den saganatt som senker  
drømmer på vår jord!

Norske mann i hus og hytte,  
takk din store Gud!  
Landet ville han beskytte,  
skjønt det mørkt så ut.  
Alt hva fedrene har kjempet,  
mødrene har grett,  
har den Herre stille lempet,  
så vi vant vår rett!

Ja, vi elsker dette landet  
som det stiger frem,  
furet værbitt over vannet,  
med de tusen hjem!  
Og som fedres kamp har hevet  
det av nød til seir,  
også vi, når det blir krevet,  
for dets fred slår leir.

# *Gud signe vårt dyre fedreland*

Gud signe vårt dyre fedreland  
og lat det som hagen bløma!  
Lat lysa din fred frå fjell til strand  
og vetter for vårsol røma!  
Lat folket som brøder saman bu,  
som kristne det kan seg søma!

Vil Gud ikkje vera bygningsmann,  
me fåfengt på huset byggja.  
Vil Gud ikkje verja by og land,  
kan vaktmann oss ikkje tryggja.  
Så vakta oss, Gud, så me kan bu  
i heimen med fred og hyggja!

No er det i Noreg atter dag  
med vårsol og song i skogen.  
Om sædet enn gror på ymist lag,  
det brydder då etter plogen.  
Så signa då Gud det gode såd  
til groren ein gong er mogen!



## *No livnar det i lundar*

No livnar det i lundar,  
no lauvast det i li,  
den heile skapning stundar  
no fram til sumars tid.

Det er vel fagre stunder  
når våren kjem her nord,  
og atter som eit under  
nytt liv av daude gror.

Då me med vigsla tunga,  
med kjærleik heil og klår  
alt utan brest og sprunga  
skal lova Herren vår.

## *Fagert er landet*

Fager er landet du oss gav.  
Herre, vår Gud og vår Fader.  
Fagert det stig av blåe hav,  
soli ho sprett og ho glader.  
Signar vårt land i nord og sud,  
såleis di åsyn lyser Gud,  
over vårt Noreg i nåde!

Tidi ho renn som elv mot os,  
fort skifter sumar med vetter.  
Fader, ver alltid Noregs los  
radt til dei seinaste ætter!  
Herre vår Gud, vårt Noregs Gud,  
varda vårt land frå fjell til flud,  
lær oss å gå dine vegar!

Signa då Gud, vårt folk og land,  
signa vårt strev og vår møda,  
signa kvar ærleg arbeidshand,  
signa vår åker med grøda!  
Gud, utan deg den vesle urt  
veiknar og visnar, bleiknar burt,  
ver du oss ljuset og livet.